

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 03.02.2009 kl 17:00 – 18.00 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 001/09 - 007/09

Innkalling til møtet var sendt ut den: 27.01.2009.

Kommunestyret hadde strategimøte frå kl. 12.15 og fram til 17.00.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Liv Oda Dale	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søvik
Torfinn Aga, vara	Frode Langhelle	Laila Haukeland, vara
Dina Merete K. Dyrhovden	Venke Fredheim Ekren	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Lars Solheim		Jon Terje Sætre

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Kari Skår Sørheim, varaordførar	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Siri Tangedal Kratzmeier	Janne Judith K. Sandnes	Per Einar Langhelle
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Tore Helland	

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss
Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Håkon Matre	06/09	Ingen

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	Sakspapir til kommunestyre med tilråding frå formannskapet og Fast utval for plansaker som hadde møte same dage
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	

Ordførar Håkon Matre ynskta velkommen til Laila Haukeland som møtte som vara for Senterpartiet for fyrste gong.

Innkallinga vart godkjent.

Sakslista vart godkjent.

Ordførar gjorde framlegg om Dina Dyrhovden og Leila T. Andvik til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
001/09	09/51	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
002/09	09/50	Skriv og meldingar	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
003/09	09/37	Fylkesdelplan for ny godshamn i Bergensområdet - høyringsuttale	7
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
004/09	07/437	Reguleringsplan - Einestrand bustadfelt	18
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
005/09	06/994	Kommunedelplan Stordalen - Rullering 2008	21
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
006/09	06/1077	Reguleringsplan for Matre - ny plan	25
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
007/09	08/901	Reguleringsendring Hosteland Aust	33

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	03.02.2009	001/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/51
-----------	--------------------

SAK 01/09 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 11.12.2008 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-001/09 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 11.12.2008 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 03.02.2009:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	03.02.2009	002/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/50
-----------	--------------------

SAK 02/09 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	08/5242	I	02.12.2008	Statens vegvesen Region vest	Kabelferjesambandet Masfjordnes - Duesund - utvida rutetilbod - fylkeskommunalt tilskot 2009
2	08/5289	I	09.12.2008	PPT for Ytre Sogn og Sunnfjord	Årsmelding 2007/2008 PPT for Ytre Sogn og Sunnfjord
3	08/5516	I	18.12.2008	Regionrådet Nordhordland IKS	Protokoll frå representantskapsmøte Regionrådet Nordhordland IKS med budsjett 2009 den 05.12.08
4	09/222	I	22.01.2009	Barne- og likestillingsdeparteme ntet	Retningslinjer for etisk handel
5	09/225	I	21.01.2009	NAV Hordaland	Situasjonen i NAV Hordaland
6	09/246	I	07.01.2009	Justis- og politidepartementet	Oppfordring til lokalt arbeid mot vold i nære relasjonar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-002/09 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre ber om at det vert starta eit arbeid med å gjennomgå innkjøp i tråd med brev frå Barne- og likestillingsdepartementet som omhandlar etisk handel.

Brev frå Justis- og politidepartementet: Oppfordring til lokalt arbeid mot vold i nære relasjonar vert oversendt til tverrfagleg arbeidsgruppe.

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 03.02.2009:

Ordførar gjekk gjennom skriv og meldingar.

Skriv 4) Retningslinjer for etisk handel:

Kari Skår Sørheim, KrF, sa at dette er eit spanande skriv og er ei viktig sak å ha fokus på. KrF har hatt etisk handel på dagsorden i det siste og drøfta ein del kring dette. Det ville vore bra dersom ein kunne fått til ein gjennomgang av kommunen sine innkjøpsordningar på dette området.

Rådmann Lovisa Midtbø svara at det er ulik praksis i dei ulike avdelingane i kommunen på dette. Etisk handel har vore drøfta, og det kan vera aktuelt å få til ei kartlegging av kommunen sin praksis på dette området.

Kari Skår Sørheim sette fram dette framlegget:

Masfjorden kommunestyre ber om at det vert starta eit arbeid med å gjennomgå innkjøp i tråd med brev frå Barne- og likestillingsdepartementet som omhandlar etisk handel.

Framlegget frå KrF vart samrøystes vedteke.

Skriv 5) Oppfordring til lokalt arbeid mot vold i nære relasjoner.

(Brev frå Justis- og politidepartementet med ein veileder)

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om skrivet der kommunane blir oppfordra til å arbeida aktivt og målretta mot vold i relasjonar ved å utvikla handlingsplanar på feltet.

Rådmannen sa at dette skrivet vil blir oversendt til kommunen si tverrfaglege arbeidsgruppe.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	03.02.2009	003/09	Håkon Matre
Formannskapet	03.02.2009	001/09	Håkon Matre

Arkiv: N-52	Arkivsaknr.: 09/37
-------------	--------------------

SAK 03/09 - FYLKEDELPLAN FOR NY GODSHAMN I BERGENSOMRÅDET - HØYRINGSUTTALE

Rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale:

"I presentasjonsdokumentet til Regionrådet Nordhordland IKS av august 2008 om Mongstad som stad for ny hamn i Bergensområdet, vert det i særleg grad peika på den nye hamna sine internasjonale transittoppgåver.

Desse tilhøva er no nemnt i fylkeskommunen sitt oppdaterte utkast til planprogram, men nedtona i sjølve programforslaget ved at Bergen nye godshamn først og fremst skal vera ei regional hamn og eit "alternativ til Risavika" (Stavanger).

Etter Masfjorden kommune si meining er dette ei altfor defensiv haldning til hamnespørsmålet frå Hordaland si side. Når dei nasjonale transportetatane i sine framlegg til Nasjonal transportplan 2010-2019 (NTP 2010-2019) har peika ut Oslo, Kristiansand, Stavanger og Bergen som dei fire internasjonale hamnene i landet, må Hordaland etter vår meining gripa dette høvet med stor politisk tyngde og interesse.

Å følgja opp nasjonale hamnemål for ei hamn i Bergensområdet er ikkje bare eit spørsmål om hamnetrafikk. Ein slik hamnestatus genererer vekst i industri og næringsliv med tilhøyrande arbeidsplassar, og gir prioriterte statlege løyvingar og midlar til landverts og sjøverts transportårer knytt til hamna. Dette potensialet må for all del ikkje skuslast bort gjennom eit passivt planprogram for hamna.

Slik Masfjorden kommune ser det, må planprogrammet innehalda ei langt meir dynamisk og aktiv haldning til hamna sine internasjonale oppgåver og moglegheiter enn det som det føreliggjande høyringsutkastet gir uttrykk for. Det er øydeleggjande for næringslivet i Hordaland å redusere den nye godshamna for Bergensområdet til ei lokal/regional satelithamn til Stavangerområdet si internasjonale hamn i Risavika. Deltakarkommunane i Regionrådet Nordhordland IKS sluttar seg til Regionrådet sine synspunkt.

Framlegg om suppleringar i planprogrammet

Det er i planprogrammet for ei ny godshamn i Bergensområdet lista opp omgrep som:

- Internasjonal transitthamn
- Frihamn
- Anløpshamn for sjøverts transportar langs den nordlege sjørute

Desse omgrepa er omtala og utdjupa i Regionrådet sitt presentasjonsdokument av august 2008, og dei er dessutan nemnde i framlegget til NTP 2010-2019.

Det er viktig at det i fylkeskommunen sin vidare planprosess er forståing for sentrale tilhøve knytt til dei nemnte omgrepa, både kvar for seg og i ein naturleg, samansett kombinasjon.

Internasjonal transithamn

I framlegget til NTP 2010-2019 har dei nasjonale transportetatane sett fokus på at internasjonale transportar i form av eksport og import av godsvolum må konsentrerast om eit fåtal norske hamner, - Oslo, Kristiansand, Stavanger og Bergen. Slik den geografiske lokaliseringa av dei nemnde fire hamnene er, vil det vera naturleg at ei hamn i Bergensområdet ligg nærast til å fanga opp slike transitt-transportar frå/til fylka nordover frå Hordaland. Viktige planleggingselement vil i den samanheng vera kartlegging av sannsynlege godsvolum, areal- og kaikapasitet på dei alternative hamnestadane, eksisterande og potensielle sjøverts godsruiter til/frå internasjonale anløpsstadar for det potensielle transittgodset.

Frihamn/frisone

Den formelle heimelen for etablering av ei frihamn/frisone er nedfelt i Finansdepartementet si forskrift av 13. mars 1996 om frisonar og frihamner. I dag er det Fredrikstad (Borg hamn IKS), Mo i Rana hamn og Kirkenes hamn som her i landet er løyvd frihamnstatus.

Føremonane med ei frihamn/frisone er at aktivitetar i sona vert sett som eit "utland" når det gjeld nasjonale skattar og avgifter. I ei frihamn/sone kan transittgods lagrast, foredlast, samanstillast eller inngå i produksjon. Reine lagerfunksjonar kan no også gå føre seg innafør toll-lova sine rammer, medan foredlingsoppgåver og delproduksjon må gå føre seg i ei godkjent frihamn/frisone.

Ein hamnestatus som internasjonal transithamn kan gi auka grunnlag for etablering av verksemder i frihamna/frisona og generera arbeidsoppgåver både i og utanfor frihamnsona.

Å kartleggja aktuelle nasjonale og internasjonale interessentar for foredlings-/produksoppgåver i ei frihamn med import av delkomponentar og eksport av foredla produkt bør vera viktige element i fylkeskommunen sitt planprogram for ei ny hamn i Bergensområdet. Hamnestaden må ha nok areal til å kunna ivareta foredlings- og produksjonsoppgåvene. Frihamnfunksjonane er avhengige av eit godt utbygd sjøverts transportnett, slik t.d. ei internasjonal transithamn vil ha.

Anløpshamn langs den nordlege sjørute

I perioden 1993-1999 gjekk det føre seg eit internasjonalt utgreiingsarbeid om sjøverts transport gjennom den nordlege sjørute, med Fridtjof Nansens Institutt som sekretariat. Arbeidet vart avslutta med ein brukarkonferanse i Oslo i november 1999 og konklusjonane låg føre i bokform i september 2000. Utgreiingsarbeidet konkluderte med at bruk av ei nordleg sjørute mellom Nordvest Europa og Nordaust Asia ville redusera dagens transporttid til det halve. Dette vil redusera transportkostnader og forureinande miljøutslipp av globale dimensjoner. Det vart i tillegg til konvensjonelle stykkgoods/containertransportar i særleg grad peika på gunstige transporttider for olje- og gasstransportar.

I forslaget til NTP 2010-2019 er den nordlege sjørute omtalt som eit potensiale for enkelte norske hamner. Dette vil særleg gjelda dei to "internasjonale hamnene" Stavanger og Bergen.

Føresetnaden for at fartøy i trafikk langs den nordlege sjørute skal kunne gå innom ei norsk hamn, er at denne hamna importerer eller eksporterer del-laster av eit omfang som gjer anløp økonomisk interessant for transportøren (reieren).

Gjennom EU-kommisjonen si publisering av "The European Union and the Arctic Region" 20. november 2008, signaliserer EU ei aktiv interesse for å etablere ein koordinert europeisk innsats for bruk og vern av nordområda. Innafor dette satsingsområdet ligg også maritim bruk av den nordlege sjørute. Kommersiell bruk av den nordlege sjørute er dermed kome eit viktig skritt vidare og realiseringa ligg kanskje innafor ein 10-20 års planperiode.

I fylkeskommunen sitt planprogram er det difor særst viktig å gi tilkjenne at ei ny godshamn i Bergensområdet er klar til å bli ei anløpshamn i den nordlege sjørute. Dette må underbyggjast ved å dokumentera nok arealkapasitet i hamneområdet og visa omfanget av potensielle godsvolum som gjer anløp av hamna aktuell.

Eigartilhøva for godshamna

I høyringsutkastet til fylkeskommunen sitt planprogram heiter det i ei setning i pkt. 4.2 Framtidig behov og krav:

"Det forutsettes at den nye havnen fortsatt skal være en offentlig havn, eller en havn med sterkt offentlig eierskap".

Dette er ein viktig føresetnad ved val av lokaliseringsstad for ei ny godshamn og det bør difor detaljerast vesentleg betre i eit endelig planprogram enn det som går fram av høyringsutkastet.

Utgreiinga må i den samanheng femna kartlegging av eksisterande og potensielle eigartilhøve knytt til hamneareal, kaiar og anna hamnemessig infrastruktur på den einskilde alternative hamnestaden.

Konklusjon:

Ambisjonane for ei ny godshamn i Bergensområdet er i fylkeskommunen sitt høyringsutkast til planprogram lagt på eit lågt regionalt nivå med vage formuleringar om "å legge til rette" for å dekke behov utover dette.

Ambisjonsnivået står i sterk motsetnad til Stavanger si lansering av Risavika som ei internasjonal hamn, klar til å ta på seg alle internasjonale hamneoppgåver.

I samsvar med Regionrådet sitt synspunkt finn Masfjorden kommune at ambisjonsnivået for ei ny godshamn i Bergensområdet må oppgraderast i stor grad i høve det som går fram av høyringsutkastet. I motsatt fall vil det vera sannsynleg at Bergen hamn mistar sin status som internasjonal hamn i NTP 2010-2019, og dermed også risikerer å gå glipp av dei statlege løyvingane som er signalisert prioritert for dei føreslåtte fire internasjonale hamnene.

På denne bakgrunn meiner Masfjorden kommune vedtatt at planprogrammet må utvidast til å femne følgjande målsetjingar og vurderingar:

- 1. Målsetjinga for ei ny godshamn i Bergensområdet er å etablere hamna som ei av dei fire føreslåtte hamnene i NTP 2010-2019 med internasjonale transittoppgåver*

2. *For å underbyggja målsetjinga med hamna, må planprogrammet innehalda utgreiingar knytt til:*
 - *Behov og potensiale på hamnestaden for å imøtekoma krava til ei internasjonal transitthamn*
 - *Moglegheiter og krav til ei frihamn/frisone på hamnestaden*
 - *Vurdering av sjansar for - og korresponderande krav til - ei anløpshamn i den nordlege sjørute på hamnestaden*
3. *Miljøvurderingar som femner totale internasjonale og nasjonale miljøgevinstar ved ein hamnestad med internasjonale transittoppgåver. Kartlegging av eventuelle miljøpåverknader i hamna sine nærrområde og langs landverts og sjøverts transportårer til/frå den einskilde alternative hamnestaden. Vurdering av kva for miljømessige sikringstiltak som krevst ved den einskilde alternative hamnestad.*
4. *Kartlegging av eksisterande og potensielle eigartilhøve for hamnestaden ved utvikling av hamna på kort og lang sikt for å sikra målsetjinga om offentleg eigarskap til hamna.”*

Finansiering

Heimel

Utskrift til:

Hordaland fylkeskommune, pb 7900, 5020 Bergen

FS-001/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

”I presentasjonsdokumentet til Regionrådet Nordhordland IKS av august 2008 om Mongstad som stad for ny hamn i Bergensområdet, vert det i særleg grad peika på den nye hamna sine internasjonale transittoppgåver.

Desse tilhøva er no nemnt i fylkeskommunen sitt oppdaterte utkast til planprogram, men nedtona i sjølve programforslaget ved at Bergen nye godshamn først og fremst skal vera ei regional hamn og eit ”alternativ til Risavika” (Stavanger).

Etter Masfjorden kommune si meining er dette ei altfor defensiv haldning til hamnespørsmålet frå Hordaland si side. Når dei nasjonale transportetatane i sine framlegg til Nasjonal transportplan 2010-2019 (NTP 2010-2019) har peika ut Oslo, Kristiansand, Stavanger og Bergen som dei fire internasjonale hamnene i landet, må Hordaland etter vår meining gripa dette høvet med stor politisk tyngde og interesse.

Å følgja opp nasjonale hamnemål for ei hamn i Bergensområdet er ikkje bare eit spørsmål om hamnetrafikk. Ein slik hamnestatus genererer vekst i industri og næringsliv med tilhøyrande arbeidsplassar, og gir prioriterte statlege løyvingar og midlar til landverts og sjøverts transportårer knytt til hamna. Dette potensialet må for all del ikkje skuslast bort gjennom eit passivt planprogram for hamna.

Slik Masfjorden kommune ser det, må planprogrammet innehalda ei langt meir dynamisk og aktiv haldning til hamna sine internasjonale oppgåver og moglegheiter enn det som det føreliggjande høyringsutkastet gir uttrykk for. Det er øydeleggjande for næringslivet i Hordaland å redusere den nye godshamna for Bergensområdet til ei lokal/regional satelithamn til Stavangerområdet si internasjonale hamn i Risavika. Deltakarkommunane i Regionrådet Nordhordland IKS sluttar seg til Regionrådet sine synspunkt.

Framlegg om suppleringar i planprogrammet

Det er i planprogrammet for ei ny godshamn i Bergensområdet lista opp omgrep som:

- Internasjonal transithamn
- Frihamn
- Anløpshamn for sjøverts transportar langs den nordlege sjørute

Desse omgrepa er omtala og utdjupa i Regionrådet sitt presentasjonsdokument av august 2008, og dei er dessutan nemnde i framlegget til NTP 2010-2019.

Det er viktig at det i fylkeskommunen sin vidare planprosess er forståing for sentrale tilhøve knytt til dei nemnte omgrepa, både kvar for seg og i ein naturleg, samansett kombinasjon.

Internasjonal transithamn

I framlegget til NTP 2010-2019 har dei nasjonale transportetatane sett fokus på at internasjonale transportar i form av eksport og import av godsvolum må konsentrerast om eit fåtal norske hamner, - Oslo, Kristiansand, Stavanger og Bergen. Slik den geografiske lokaliseringa av dei nemnde fire hamnene er, vil det vera naturleg at ei hamn i Bergensområdet ligg nærast til å fanga opp slike transitt-transportar frå/til fylka nordover frå Hordaland. Viktige planleggingselement vil i den samanheng vera kartlegging av sannsynlege godsvolum, areal- og kaikapasitet på dei alternative hamnestadane, eksisterande og potensielle sjøverts godsruiter til/frå internasjonale anløpsstadar for det potensielle transittgodset.

Frihamn/frisone

Den formelle heimelen for etablering av ei frihamn/frisone er nedfelt i Finansdepartementet si forskrift av 13. mars 1996 om frisonar og frihamner. I dag er det Fredrikstad (Borg hamn IKS), Mo i Rana hamn og Kirkenes hamn som her i landet er løyvd frihamnstatus.

Føremonane med ei frihamn/frisone er at aktivitetar i sona vert sett som eit "utland" når det gjeld nasjonale skattar og avgifter. I ei frihamn/sona kan transittgods lagrast, foredlast, samanstillast eller inngå i produksjon. Reine lagerfunksjonar kan no også gå føre seg innafør toll-lova sine rammer, medan foredlingsoppgåver og delproduksjon må gå føre seg i ei godkjent frihamn/frisone.

Ein hamnestatus som internasjonal transithamn kan gi auka grunnlag for etablering av verksemdar i frihamna/frisona og generera arbeidsoppgåver både i og utanfor frihamnsona.

Å kartleggja aktuelle nasjonale og internasjonale interessentar for foredlings-/produksoppgåver i ei frihamn med import av delkomponentar og eksport av foredla produkt bør vera viktige element i fylkeskommunen sitt planprogram for ei ny hamn i Bergensområdet. Hamnestaden må ha nok areal til å kunna ivareta foredlings- og produksjonsoppgåvene. Frihamnfunksjonane er avhengige av eit godt utbygd sjøverts transportnett, slik t.d. ei internasjonal transithamn vil ha.

Anløpshamn langs den nordlege sjørute

vil redusera transportkostnader og forureinande miljøutslipp av globale dimensjoner. Det vart i tillegg til konvensjonelle stykkgoods/containertransportar i særleg grad peika på gunstige transporttider for olje- og gasstransportar.

I forslaget til NTP 2010-2019 er den nordlege sjørute omtalt som eit potensiale for enkelte norske hamner. Dette vil særleg gjelda dei to ”internasjonale hamnene” Stavanger og Bergen.

Føresetnaden for at fartøy i trafikk langs den nordlege sjørute skal kunne gå innom ei norsk hamn, er at denne hamna importerer eller eksporterer del-laster av eit omfang som gjer anløp økonomisk interessant for transportøren (reieren).

Gjennom EU-kommisjonen si publisering av ”The European Union and the Artic Region” 20. november 2008, signaliserer EU ei aktiv interesse for å etablera ein koordinert europeisk innsats for bruk og vern av nordområda. Innafor dette satsingsområdet ligg også maritim bruk av den nordlege sjørute. Kommersiell bruk av den nordlege sjørute er dermed kome eit viktig skritt vidare og realiseringa ligg kanskje innafor ein 10-20 års planperiode.

I fylkeskommunen sitt planprogram er det difor sær viktig å gi tilkjenne at ei ny godshamn i Bergensområdet er klar til å bli ei anløpshamn i den nordlege sjørute. Dette må underbyggjast ved å dokumentera nok arealkapasitet i hamneområdet og visa omfanget av potensielle godsvolum som gjer anløp av hamna aktuell.

Eigartilhøva for godshamna

I høyringsutkastet til fylkeskommunen sitt planprogram heiter det i ei setning i pkt. 4.2 Framtidig behov og krav:

”Det forutsettes at den nye havnen fortsatt skal være en offentlig havn, eller en havn med sterkt offentlig eierskap”.

Dette er ein viktig føresetnad ved val av lokaliseringsstad for ei ny godshamn og det bør difor detaljerast vesentleg betre i eit endelig planprogram enn det som går fram av høyringsutkastet.

Utgreiinga må i den samanheng femna kartlegging av eksisterande og potensielle eigartilhøve knytt til hamneareal, kaiar og anna hamnemessig infrastruktur på den einskilde alternative hamnestaden.

Konklusjon:

Ambisjonane for ei ny godshamn i Bergensområdet er i fylkeskommunen sitt høyringsutkast til planprogram lagt på eit lågt regionalt nivå med vage formuleringar om ”å legge til rette” for å dekke behov utover dette.

Ambisjonsnivået står i sterk motsetnad til Stavanger si lansering av Risavika som ei internasjonal hamn, klar til å ta på seg alle internasjonale hamneoppgåver.

I samsvar med Regionrådet sitt synspunkt finn Masfjorden kommune at ambisjonsnivået for ei ny godshamn i Bergensområdet må oppgraderast i stor grad i høve det som går fram av høyringsutkastet. I motsatt fall vil det vera sannsynleg at Bergen hamn mistar sin status som internasjonal hamn i NTP 2010-2019, og dermed også risikerer å gå glipp av dei statlege løyvingane som er signalisert prioritert for dei føreslåtte fire internasjonale hamnene.

På denne bakgrunn meiner Masfjorden kommune vedtatt at planprogrammet må utvidast til å femne følgjande målsetjingar og vurderingar:

1. Målsetjinga for ei ny godshamn i Bergensområdet er å etablere hamna som ei av dei fire føreslåtte hamnene i NTP 2010-2019 med internasjonale transittoppgåver
2. For å underbyggja målsetjinga med hamna, må planprogrammet innehalda utgreiingar knytt til:
 - Behov og potensiale på hamnestaden for å imøtekoma krava til ei internasjonal transitthamn
 - Moglegheiter og krav til ei frihamn/frisone på hamnestaden
 - Vurdering av sjansar for - og korresponderande krav til - ei anløpshamn i den nordlege sjørute på hamnestaden
3. Miljøvurderingar som femner totale internasjonale og nasjonale miljøgevinstar ved ein hamnestad med internasjonale transittoppgåver. Kartlegging av eventuelle miljøpåverknader i hamna sine nærområde og langs landverts og sjøverts transportårer til/frå den einskilde alternative hamnestaden. Vurdering av kva for miljømessige sikringstiltak som krevst ved den einskilde alternative hamnestad.
4. Kartlegging av eksisterande og potensielle eigartilhøve for hamnestaden ved utvikling av hamna på kort og lang sikt for å sikra målsetjinga om offentleg eigarskap til hamna.”

Finansiering

Heimel

Utskrift til:

Hordaland fylkeskommune, pb 7900, 5020 Bergen

KS-003/09 VEDTAK:

”I presentasjonsdokumentet til Regionrådet Nordhordland IKS av august 2008 om Mongstad som stad for ny hamn i Bergensområdet, vert det i særleg grad peika på den nye hamna sine internasjonale transittoppgåver.

Desse tilhøva er no nemnt i fylkeskommunen sitt oppdaterte utkast til planprogram, men nedtona i sjølve programforslaget ved at Bergen nye godshamn først og fremst skal vera ei regional hamn og eit ”alternativ til Risavika” (Stavanger).

Etter Masfjorden kommune si meining er dette ei altfor defensiv haldning til hamnespørsmålet frå Hordaland si side. Når dei nasjonale transportetatane i sine framlegg til Nasjonal transportplan 2010-2019 (NTP 2010-2019) har peika ut Oslo, Kristiansand, Stavanger og Bergen som dei fire internasjonale hamnene i landet, må Hordaland etter vår meining gripa dette høvet med stor politisk tyngde og interesse.

Å følgja opp nasjonale hamnemål for ei hamn i Bergensområdet er ikkje bare eit spørsmål om hamnetrafikk. Ein slik hamnestatus genererer vekst i industri og næringsliv med tilhøyrande arbeidsplassar, og gir prioriterte statlege løyvingar og midlar til landverts og sjøverts transportårer knytt til hamna. Dette potensialet må for all del ikkje skuslast bort gjennom eit passivt planprogram for hamna.

Slik Masfjorden kommune ser det, må planprogrammet innehalda ei langt meir dynamisk og aktiv haldning til hamna sine internasjonale oppgåver og moglegheiter enn det som det føreliggjande høyringsutkastet gir uttrykk for. Det er øydeleggjande for næringslivet i Hordaland å redusere den nye godshamna for Bergensområdet til ei lokal/regional satelitthamn til Stavangerområdet si internasjonale hamn i Risavika. Deltakarkommunane i Regionrådet Nordhordland IKS sluttar seg til Regionrådet sine synspunkt.

Framlegg om suppleringar i planprogrammet

Det er i planprogrammet for ei ny godshamn i Bergensområdet lista opp omgrep som:

- Internasjonal transitthamn
- Frihamn
- Anløpshamn for sjøverts transportar langs den nordlege sjørute

Desse omgrepa er omtala og utdjupa i Regionrådet sitt presentasjonsdokument av august 2008, og dei er dessutan nemnde i framlegget til NTP 2010-2019.

Det er viktig at det i fylkeskommunen sin vidare planprosess er forståing for sentrale tilhøve knytt til dei nemnte omgrepa, både kvar for seg og i ein naturleg, samansett kombinasjon.

Internasjonal transitthamn

I framlegget til NTP 2010-2019 har dei nasjonale transportetatane sett fokus på at internasjonale transportar i form av eksport og import av godsvolum må konsentrerast om eit fåtal norske hamner, - Oslo, Kristiansand, Stavanger og Bergen.

Slik den geografiske lokaliseringa av dei nemnde fire hamnene er, vil det vera naturleg at ei hamn i Bergensområdet ligg nærast til å fanga opp slike transitt-transportar frå/til fylka nordover frå Hordaland. Viktige planleggingselement vil i den samanheng vera kartlegging av sannsynlege godsvolum, areal- og kaikapasitet på dei alternative hamnestadane, eksisterande og potensielle sjøverts godsruiter til/frå internasjonale anløpsstadar for det potensielle transittgodset.

Frihamn/frisone

Den formelle heimelen for etablering av ei frihamn/frisone er nedfelt i Finansdepartementet si forskrift av 13. mars 1996 om frisonar og frihamner. I dag er det Fredrikstad (Borg hamn IKS), Mo i Rana hamn og Kirkenes hamn som her i landet er løyvd frihamnstatus.

Føremonane med ei frihamn/frisone er at aktivitetar i sona vert sett som eit "utland" når det gjeld nasjonale skattar og avgifter. I ei frihamn/sona kan transittgods lagrast, foredlast, samanstilla eller inngå i produksjon. Reine lagerfunksjonar kan no også gå føre seg innfor toll-lova sine rammer, medan foredlingsoppgåver og delproduksjon må gå føre seg i ei godkjent frihamn/frisone.

Ein hamnstatus som internasjonal transitthamn kan gi auka grunnlag for etablering av verksemdar i frihamna/frisona og generera arbeidsoppgåver både i og utanfor frihamnsona.

Å kartleggja aktuelle nasjonale og internasjonale interessentar for foredlings-/produktoppgåver i ei frihamn med import av delkomponentar og eksport av foredla produkt bør vera viktige element i fylkeskommunen sitt planprogram for ei ny hamn i Bergensområdet. Hamnestaden må ha nok areal til å kunna ivareta foredlings- og produksjonsoppgåvene. Frihamnfunksjonane er avhengige av eit godt utbygd sjøverts transportnett, slik t.d. ei internasjonal transitthamn vil ha.

Anløpshamn langs den nordlege sjørute

vil redusera transportkostnader og forureinande miljøutslipp av globale dimensjoner. Det vart i tillegg til konvensjonelle stykkgods/containertransportar i særleg grad peika på gunstige transporttider for olje- og gasstransportar.

I forslaget til NTP 2010-2019 er den nordlege sjørute omtalt som eit potensiale for enkelte norske hamner. Dette vil særleg gjelda dei to "internasjonale hamnene" Stavanger og Bergen.

Føresetnaden for at fartøy i trafikk langs den nordlege sjørute skal kunne gå innom ei norsk hamn, er at denne hamna importerer eller eksporterer del-laster av eit omfang som gjer anløp økonomisk interessant for transportøren (reiaren).

Gjennom EU-kommisjonen si publisering av "The European Union and the Arctic Region" 20. november 2008, signaliserer EU ei aktiv interesse for å etablere ein koordinert europeisk innsats for bruk og vern av nordområda. Innafor dette satsingsområdet ligg også maritim bruk av den nordlege sjørute. Kommersiell bruk av den nordlege sjørute er dermed kome eit viktig skritt vidare og realiseringa ligg kanskje innafor ein 10-20 års planperiode.

I fylkeskommunen sitt planprogram er det difor særst viktig å gi tilkjenne at ei ny godshamn i Bergensområdet er klar til å bli ei anløpshamn i den nordlege sjørute. Dette må underbyggjast ved å dokumentera nok arealkapasitet i hamneområdet og visa omfanget av potensielle godsvolum som gjer anløp av hamna aktuell.

Eigartilhøva for godshamna

I høyringsutkastet til fylkeskommunen sitt planprogram heiter det i ei setning i pkt. 4.2 Framtidig behov og krav:

”Det forutsettes at den nye havnen fortsatt skal være en offentlig havn, eller en havn med sterkt offentlig eierskap”.

Dette er ein viktig føresetnad ved val av lokaliseringsstad for ei ny godshamn og det bør difor detaljerast vesentleg betre i eit endelig planprogram enn det som går fram av høyringsutkastet.

Utgreiinga må i den samanheng femna kartlegging av eksisterande og potensielle eigartilhøve knytt til hamneareal, kaiar og anna hamnemessig infrastruktur på den einskilde alternative hamnestaden.

Konklusjon:

Ambisjonane for ei ny godshamn i Bergensområdet er i fylkeskommunen sitt høyringsutkast til planprogram lagt på eit lågt regionalt nivå med vage formuleringar om ”å legge til rette” for å dekke behov utover dette.

Ambisjonsnivået står i sterk motsetnad til Stavanger si lansering av Risavika som ei internasjonal hamn, klar til å ta på seg alle internasjonale hamneoppgåver.

I samsvar med Regionrådet sitt synspunkt finn Masfjorden kommune at ambisjonsnivået for ei ny godshamn i Bergensområdet må oppgraderast i stor grad i høve det som går fram av høyringsutkastet. I motsatt fall vil det vera sannsynleg at Bergen hamn mistar sin status som internasjonal hamn i NTP 2010-2019, og dermed også risikerer å gå glipp av dei statlege løyvingane som er signalisert prioritert for dei føreslåtte fire internasjonale hamnene.

På denne bakgrunn meiner Masfjorden kommune vedtatt at planprogrammet må utvidast til å femne følgjande målsetjingar og vurderingar:

1. Målsetjinga for ei ny godshamn i Bergensområdet er å etablere hamna som ei av dei fire føreslåtte hamnene i NTP 2010-2019 med internasjonale transittoppgåver
2. For å underbyggja målsetjinga med hamna, må planprogrammet innehalda utgreiingar knytt til:
 - Behov og potensielle på hamnestaden for å imøtekomme krava til ei internasjonal transithamn
 - Moglegheiter og krav til ei frihamn/frisone på hamnestaden
 - Vurdering av sjansar for - og korresponderande krav til - ei anløpshamn i den nordlege sjørute på hamnestaden

3. Miljøvurderingar som femner totale internasjonale og nasjonale miljøgevinstar ved ein hamnestad med internasjonale transittoppgåver. Kartlegging av eventuelle miljøpåverknader i hamna sine nærområde og langs landverts og sjøverts transportårer til/frå den einskilde alternative hamnestaden. Vurdering av kva for miljømessige sikringstiltak som krevst ved den einskilde alternative hamnestad.
4. Kartlegging av eksisterande og potensielle eigartilhøve for hamnestaden ved utvikling av hamna på kort og lang sikt for å sikra målsetjinga om offentleg eigarskap til hamna.”

Utskrift til:

Hordaland fylkeskommune, pb7900 5020 Bergen

Det skjedde i Kommunestyret den 03.02.2009:

Ordførar Håkon Matre orienterte om at uttalen frå Regionrådet er gått ut til alle kommunane i regionen.

Uttalen som ligg i sakspapira i dag er allereie sendt inn til Hordaland fylkeskommune for å få den inn til fristen.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	03.02.2009	003/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	03.02.2009	004/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 07/437
---------------------	---------------------

SAK 04/09 - REGULERINGSPLAN - EINESTRAND BUSTADFELT

KS-004/09 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert Einestrand bustadfelt m/føresegner godkjent slik han ligg føre.

Reguleringsplanen vert kunngjort når fylkesmannen i Hordaland har trekt attende motsegna mot planen.

Utskrift til:

Høyringsinstansane

Det skjedde i Kommunestyret den 03.02.2009:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå Fast utval for plansaker vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert Einestrand bustadfelt m/føresegner godkjent slik han ligg føre.

Reguleringsplanen vert kunngjort når fylkesmannen i Hordaland har trekt attende motsegna mot planen.

Finansiering

Ingen direkte kostnader utover driftsbudsjettet

Heimel

Plan- og bygningslova

Utskrift til:

Høyringsinstansane

FUP-003/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert Einestrاند bustadfelt m/føresegner godkjent slik han ligg føre.

Reguleringsplanen vert kunngjort når fylkesmannen i Hordaland har trekt attende motsegna mot planen.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 03.02.2009:

Ordførar orienterte om saka og kommunikasjonen som har vore mellom fylkesmannen og kommunen sidan vedtaket i kommunestyret før jul.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
31	U	19.11.2008	Fylkesmannen i Hordaland	ad dykkar uttale til reguleringsplan m/føresegner for Einestrاند bustadfelt samt utskift av politisk vedtak
34	I	12.12.2008	Miljøvernavdelinga Fylkesmannen i Hordaland	Revidert planforslag til reguleringsplan for gnr 59/bnr 1 og 2
33	U	15.12.2008	Fylkesmannen i Hordaland; Statens vegvesen Region vest	Melding om politisk vedtak - Uttale til offentlig ettersyn gnr 59/1 og 2 - Einestrاند
36	I	19.12.2008	Miljøvernadv Fylkesmannen i Hordaland	Melding om politisk vedtak - svar
35	U	03.02.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Einestrاند -reguleringsplan

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Masfjorden kommune eigengodkjente reguleringsplan for Einestrاند bustadfelt m/føresegner i kommunestyre den 11.12.1008 som sak 120/08.

FAKTA

I og med at fylkesmannen i Hordaland hadde fremja motsegn til planen hadde ikkje kommunen høve til å eigengodkjenne planen. Dette vart kommen gjort merksam på i brev dagsett 19.12.2008 frå fylkesmannen.

Ordfører og rådmann var i møte med fylkesmannen den 13.01.2009 og beklaga at vedtaket i saka lydte på eigengodkjenning. Dette skuldast ei missforståing. Kommunen vart rådd til å gjere nytt vedtak i saka basert på drøftingar i møtet.

VURDERING

Rådmannen meiner der hastar med å få ein vedteken plan for Einestrand og har fleire gonger vore i kontakt med fylkesmannen for å kome fram til ei løysing som begge partar kan godta. I møte i januar sa fylkesmannen at dei ville koma kommunen i møte dersom B3 vart redusert med 3 tomtar ned mot strandlina og at vegen til fellesområde vart erstatta av gangsti. Kommunen vart og rådd til å legge vekt på at vegframføring, plassering av bustadene i terreng, byggeskikk, material- og fargeval må tilpassast eit terreng med innsyn frå fjorden

Rådmannen tilrår kommunestyret å godta dette og endre kart og føresegner tilsvarande. Dette gjev kommunen ein gjeldane plan som kommunen kan starte å handsame saker i medhald av, og løyser utfordringane som grunneigarar og interesserte tomtekjøparar har. Andre tilhøve som gjeld naust, båthamn m v kan takast opp og vurderast i ein heilskap når kommuneplanen vert rullert i 2009/2010

KONKLUSJON

Reguleringsplan for Einestrand bustadfelt m/føresegner vert godkjent slik han ligg føre med atterhald om at fylkesmannen i Hordaland etter dette trekker motsegna mot planen slik han låg føre til offentleg høyring.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

Arkiv: N-101.4, N-PERM TML	Arkivsaknr.: 06/994
----------------------------	---------------------

SAK 05/09 - KOMMUNEDELPLAN STORDALEN - RULLERING 2008

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune tar motsegna frå fylkesmannen i Hordaland som gjeld V11 (veg inn i hyttefelt HF11 – Stordalshammaren) til følgje.

Endring i juridiske dokument vedteken i Masfjorden kommunestyre 11.12.2008 som sak 119/08:

- V11 er tatt ut av plankartet.
- Side 25 i plandokumentet § 7.1, PBL § 20-4-b, kulepunkt 3
Retningslinje: Konkret vegtrasé / parkeringsforhold må leggjast fram for Fast utval for plansaker før reguleringsplanarbeidet startar for hyttefelt HF 11.

Finansiering

Ingen direkte kostnader utover driftsbudsjettet

Heimel

Plan- og bygningslova

Utskrift til:

Høyringsinstansar

FUP-004/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune tar motsegna frå fylkesmannen i Hordaland som gjeld V11 (veg inn i hyttefelt HF11 – Stordalshammaren) til følgje.

Endring i juridiske dokument vedteken i Masfjorden kommunestyre 11.12.2008 som sak 119/08:

- V11 er tatt ut av plankartet.
- Side 25 i plandokumentet § 7.1, PBL § 20-4-b, kulepunkt 3
Retningslinje: Konkret vegtrasé / parkeringsforhold må leggjast fram for Fast utval for plansaker før reguleringsplanarbeidet startar for hyttefelt HF 11.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 03.02.2009:

Ordførar orienterte om saka og kommunikasjonen mellom fylkesmannen og kommunen som har vore sidan vedtaket i saka før jul.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-005/09 VEDTAK:

Masfjorden kommune tar motsegna frå fylkesmannen i Hordaland som gjeld V11 (veg inn i hyttefelt HF11 – Stordalshammaren) til følgje.

Endring i juridiske dokument vedteken i Masfjorden kommunestyre 11.12.2008 som sak 119/08:

- V11 er tatt ut av plankartet.
- Side 25 i plandokumentet § 7.1, PBL § 20-4-b, kulepunkt 3
Retningslinje: Konkret vegtrasé / parkeringsforhold må leggjast fram for Fast utval for plansaker før reguleringsplanarbeidet startar for hyttefelt HF 11.

Det skjedde i Kommunestyret den 03.02.2009:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå Fast utval for plansaker vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
55	I	16.01.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Kommunedelplan for Stordalen - uttale frå Fylkesmannen
57	I	23.01.2009	Høyanger kommune	Stordalsplanen - vedtak i Høyanger kommune

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Det vart gjort følgjande vedtak i kommunestyret den 11.12.2008 som sak 119/08:

I samsvar med pbl § 20-4 vert kommunedelplan for Stordalen vedteken slik han ligg føre med følgjande atterhald og endringar:

- *Vert motsegna på V11 i planlagt hyttefelt HF11 oppretthalde av fylkesmannen i Hordaland, vert dette arealet trekt ut av planen. Det vert Masfjorden kommune si oppgåve å gjennomføre mekling med fylkesmannen, men meklingsprosedyren skal ikkje vere til hinder for at kommunane kan realisere resten av tiltaka som er skissert i kommunedelplanen. Masfjorden kommune er ansvarleg for å ferdigstille plankartet etter gjennomført mekling.*

Endringar i juridiske dokument:

- *Side 14 i plandokumentet: H5 Fagerbotn (MK) vert tal regulerte hytter auka med 1 hytte.
Denne auken blir ført i kolonna nye.*
- *Side 25 i plandokumentet § 7.1, PBL § 20-4-b, kulepunkt 3
Retningslinje: Konkret vegtrace må leggjast fram for Fast utval for plansaker før reguleringsplanarbeidet startar for hyttefelt HF 11.*

FAKTA

Fylkesmannen har i brev dagsett 16.01.2009 trekt attende motsegna for veg V12 mens motsegna for veg V11 framleis står ved lag.

VURDERING

Rådmannen er glad for at motsegna for V12 i feltet med utleiehytter er trekt attende. Å etablere dette feltet vil virke positivt på utviklinga i Stordalen.

Når det gjeld motsegna for V11 kan kommunen gjere to ting:

- Gjere nytt vedtak i planutvalet og kommunestyret der ein tek motsegna til følgje
- Oppretthalde eige vedtak og slik sende saka til departement for endeleg avgjerd.

Planutvalet var på synfaring i Stordalen før deira handsaminga av reguleringsplanen i desember 2008 . Veg V11 vart nøye synfart og kommentert. Rådmannen oppfatta at planutvalet var skeptisk til vegen pga etablering av vegen såg ut til å vere krevjande og ville svært sannsynleg etterlate stygge sår i landskapet. Planutvalet såg og på mogelegheitene for å vidareføre vegen frå nærast hyttefelt i Høyanger kommune og inn i HF11 (Masfjorden)). Ein slik veg vil ligge fint i terrenget og ikkje etterlate stygge sår. Denne løysinga ligg ikkje i planen no, men er noko grunneigarane sjølve kan ta tak i fram mot neste rullering.

I kommunestyrevedtaket i desember 2008 vart det i grunnen forutsett at fylkesmannen ville oppretthalde motsegna og ein gjorde vedtak på alternativ veg vidare. Vedtaket opna for at ein tok hyttefeltet HF11 ut av planen og sette det som uregulert (kvit farge) mens ein hadde reguleringsplanen til handsaming i departementet. Dette vart gjort for at ein ikkje unødig skulle utsette etablering av planane til dei andre grunneigarane i Stordalen.

Rådmann og ordførar har vore i møte med fylkesmannen i Hordaland tidleg i januar. Møtet var positivt, og fylkesmannen kunne på bakgrunn av dei nye opplysningane kommunen gav trekkja motsegna for V12. Den andre motsegna var og drøfta. Sjølve hyttefeltet hadde fylkesmannen ingen merknader til, men motsegna mot vegen inn i feltet, V11, står fast.

Med bakgrunn i synfaringa og diskusjonane i planutvalet og dei tydelege signala frå fylkesmannen, meiner rådmannen at ein bør ta motsegna til følgje og slik få ein gjeldande plan for heile området. Hyttefeltet HF11 er vidareført frå gjeldande plan. Det er ikkje knytt motsegn til sjølve hyttefeltet slik det ligg i planen i dag. Grunneigar er ikkje i nokon fase i planprosessen gjort kjent med at hyttefeltet kunne kome til å bli tatt ut av planen viss ikkje planlagt veg vart godkjent. Grunneigar har i realitet ikkje fått høve til å uttale seg gitt eit slikt utfall av planprosessen. Rådmannen finn det difor rett å la hyttefeltet ligge sjølv om det ikkje kan byggast ut før det er godkjent veg eller parkeringsforhold knytt til feltet.

Setninga i frå kommunestyrevedtaket i desember må endrast frå:

Retningslinje: Konkret vegtrasé må leggjast fram for Fast utval for plansaker før reguleringsplanarbeidet startar for hyttefelt HF 11

Til:

Retningslinje: konkret vegtrasé / **parkeringsforhold** må leggjast fram for Fast Utval for Plansaker før reguleringsplanarbeidet startar for hyttefelt HF11

Endringane er diskutert med planleggjar i Høyanger kommune og dei føl rådmannen si vurdering og vil gje si støtte til endringane.

KONKLUSJON

Masfjorden Kommune tar motsegna frå fylkesmannen i Hordaland som gjeld V11 til følgje.

Endring i juridiske dokument:

- V11 er tatt ut av plankartet
- Side 25 i plandokumentet § 7.1, PBL § 20-4-b, kulepunkt 3
Retningslinje: Konkret vegtrasé / **parkeringsforhold** må leggjast fram for Fast Utval for Plansaker før reguleringsplanarbeidet startar for hyttefelt HF 11.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	03.02.2009	005/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	03.02.2009	006/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 06/1077
---------------------	----------------------

SAK 06/09 - REGULERINGSPLAN FOR MATRE - NY PLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

For bustadområde på Store Matre vert KS1 oppretthalde som det vart vedteke i kommunestyret 26.05.2008 mens ein for KS2 tar motsegna frå landbruksdirektøren til følgje trekker dette bustadområde ut av planen. Arealet vert regulert til landbruk i tråd med dagens situasjon.

Alternativ 1:

Det uregulerte arealet frå vedtaket i kommunestyret 26.05.2008 vert regulert til kontor og får "namnet" K2. BYA vert sett til 50 %.

Alternativ 2:

Det uregulerte arealet frå vedtaket i kommunestyret 26.05.2008 vert regulert til bustad og får "namnet" FS15. BYA vert sett til 20%.

Reguleringsplanen for Matre vert etter dette kunngjort når motsegna er trekt.

Finansiering

Ingen direkte kostnader utover driftsbudsjettet

Heimel

Plan- og bygningslova § 27-2

Utskrift til:

Høyringsinstansar

FUP-005/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

For bustadområde på Store Matre vert KS1 oppretthalde som det vart vedteke i kommunestyret 26.05.2008 mens ein for KS2 tar motsegna frå landbruksdirektøren til følgje trekker dette bustadområde ut av planen. Arealet vert regulert til landbruk i tråd med dagens situasjon.

Det uregulerte arealet frå vedtaket i kommunestyret 26.05.2008 vert regulert til bustad og får "namnet" KS15. BYA vert sett til 20 %.

Reguleringsplanen for Matre vert etter dette kunngjort når motsegna er trekt.

Dette skjedde i Fast utval for plansaker den 03.02.2009:

Ordfører Håkon Matre var ugild i saka og gjekk frå møtet.
Leila Torsvik Andvik møtte som vara. Kari Skår Sørheim overtok møteleiinga.

Saka vart drøfta.

Willy Borge, Frp, sette fram forslag om å velja alt. 2.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over alt. 1 vs 2.

Alternativ 2 vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over heile vedtaket samla.

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Ordfører Håkon Matre tok plass i møtet att.

KS-006/09 VEDTAK:

For bustadområde på Store Matre vert KS1 oppretthalde som det vart vedteke i kommunestyret 26.05.2008 mens ein for KS2 tar motsegna frå landbruksdirektøren til følgje trekker dette bustadområde ut av planen. Arealet vert regulert til landbruk i tråd med dagens situasjon.

Det uregulerte arealet frå vedtaket i kommunestyret 26.05.2008 vert regulert til bustad og får "namnet" KS15. BYA vert sett til 20 %.

Reguleringsplanen for Matre vert etter dette kunngjort når motsegna er trekt.

Det skjedde i Kommunestyret den 03.02.2009:

Håkon Matre sa seg ugild i denne saka sidan han er grunneigar.
Dette vart samrøystes vedteke.
Matre forlet no møtet.

Ingen varamedlem møtte.

Varaordfører Kari Skår Sørheim overtok no som møteiar.

Røysting:

Tilrådinga frå Fast utval for plansaker vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
60	I	12.06.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Innkalling til meklingsmøte i høve reguleringsplan for Matre - motsegn frå Statens landbruksforvaltning
61	I	30.06.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Referat frå meklingsmøte - reguleringsplan Matre - motsegn frå Statens landbruksforvaltning
64	X	20.10.2008		Landbruksfagleg vurdering av reguleringsplanen for Matre
63	U	08.12.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Melding om vedtak - Reguleringsplan Matre - vidare handsaming
65	I	16.01.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Vurdering i høve Reguleringsplan for Matre etter drøfting og notat frå Masfjorden kommune
67	N	27.01.2009	Rafoss Anne Kristin	Reguleringsplan for Matre
68	N	27.01.2009		Svar på epost - Reguleringsplan for Matre
69	I	27.01.2009	Arnold Matre	Ber om innsyn/kopi av dokument i saka
70	N	03.02.2009	Lovisa Midtbø; Anne Kristin Rafoss	Reguleringsplan for Matre

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det vart fatta følgjande vedtak i kommunestyret den 26.05.2008 som sak 043/08:

I samsvar med pbl § 27-2 nr 1 vert framlegg til reguleringsplan m/kart og føresegner for Matre vedteken slik han ligg føre med denne endringa:

Område K2 vert trekt ut av planen no for vidare utgreiing. Rådmannen vert beden om å køyre dei prosessane som er naudsynt og å kome tilbake til kommunestyret med framlegg til reguleringsformål for område i løpet av hausten 2008.

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre mekling med Fylkesmannen om motsegnpunkta.

Masfjorden kommunestyre ber rådmannen jobbe mot ei løysing for Matre vassverk som gjer at Mattilsynet opphever sitt byggeforbod innafor reguleringsgrensene på Matre.

Det vart gjennomført mekling med Fylkesmannen om motsegnspunkta på Matre 20.06.2008. Fylkesmannen konkluderte med at det ikkje var mogleg å oppnå semje mellom partane om det gjenstående landbruksarealet Rabbane på Store Matre. Kommunestyret avgjer dermed om motsegne skal takast til følgje, eller om reguleringsplanen skal sendast til Miljøverndepartementet for stadfesting i samsvar med plan- og bygningslova § 27-2.

Det vart fatta følgjande vedtak i kommunestyret den 23.09.2008 som sak 075/08:

- 1. Kommunestyret viser til referat frå meklingsmøte mellom fylkesmannens si Landbruksavdeling den 20.06.08 og tar dette til orientering.*
- 2. Kommunestyret fastheld behovet for bustadtomtar i samsvar med det overordna målet for prosjektet "Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden"*
- 3. Saka vert sendt attende til rådmannen. Kommunestyret vil be om at problemstillinga vert gjennomgått på nytt, for å sjå om det kan finnast løysingar som kan vera meir akseptable for alle partar.*


FAKTA

Motsegn frå fylkesmannen

Rådmannen og ordførar har sidan siste kommunestyrevedtak gjennomført samtalar med fylkesmannen. Det er og lagt fram ei ny landbruksfagleg uttale. Dette har resultert i at Landbruksavdelinga hjå fylkesmannen har gitt følgjande uttale:

Vi vil med bakgrunn i henvendelsen i frå kommune gje fylgjande vurdering :

Fylkesmannen har i henhold til reguleringsplankartet frå 26.09.2007, frigitt areal (B1 og B2) på 15,1 daa på nordsida av butikkevegen. Når dette arealet er utnytta på ein effektiv og forsvarleg måte kan kommunen ta opp trong for meir bustadareal på Matre. Det interne dokumentet, dagsett 16.10.2008, inneheld ikkje opplysningar som endrar på tidlegare vurderingar frå fylkesmannen.



Figur 1: utsnitt fra plankartet som vart lagt fram for planutvalet (17.09.2007) og kommunestyret (25.09.2007) i samband med at reguleringsplan for Matre vart lagt ut til offentlig høring

Område K2 som vart trekt ut av planen

Frå Magne Norhagen i DSB Region Vest-Norge har kommunen fått opplyst at restriksjons-grensa (målt horisontalt) for ei 132 kV-lina på den tida lina vart bygd på Matre er 6,7 meter. Kommunen har målt avstanden frå hjørne på bustadhuset på eigedom 52/33 til ytterfase av 132 kV-lina til å vere 6,7 meter. Det er utifrå denne avstanden lov å nytte huset som bustadhus i dag.

VURDERING

Motsegn frå fylkesmannen

Masfjorden kommune har i dag ikkje ein gjeldande reguleringsplan for Matre sidan statens landbruksforvaltning har lagt ned motsegn mot byggeområde på Store Matre i tråd med innstillinga frå fylkesmannen i Hordaland. Etter at landbruksdirektøren har frigjeve noko av arealet det var motsegn på, meiner rådmannen at det no er tid for å ta reguleringsplanen opp til ny handsaming. Det er viktig å få vedteke ein gjeldande plan som kommunen kan arbeide med heimel ut i frå.

Rådmannen ser av landbruksdirektøren sin e-post at det vert vist til handsaminga i fylkeslandbruksstyret 21.11.07. I dette møte vart det blant anna vedteke:


Fylkeslandbruksstyret kan akseptere at areala rundt tuna på gnr 49/bnr 1 og gnr 49/bnr 4 vert nytta til bustadområde, men sjølve tunskipnaden skal regulerast til landbruk.

Det var ikkje knytt motsegn til dette punktet. Vedtaket vart oppheva av statens landbruksforvaltning då dei la ned motsegn til reguleringsplan for Matre i tråd med innstilling frå Fylkesmannen i Hordaland av 21.11.2007.

Før saka vart lagt fram til handsaming i kommunestyret i mai 2008 var rådmannen i møte med representantar frå landbruksavdelinga hjå fylkesmannen. Kommunen oppfatta då at det var semje om at bnr 2 i dag ikkje hadde eit fullverdig tun, og det var vel så viktig å sette av areal til å etablere eit skikkeleg tun som å hegne om ei gamal løe og ein garasje. Rådmannen la vekt på denne semja i sitt forslag til kommunestyret i mai 2008. Arealkartet vart utforma slik at det vart sett av areal til nytt tun, mens arealet som i dag er påbygd med løe og garasje vart sett av til bustadområde. Rådmannen meinte i mai at ein slik hadde møtt motsegna til fylkesmannen, men fekk ikkje støtte for dette i meklingsmøte.

I vurderinga frå fylkesmannen dagsett 15.01.2009 er heile arealet frigjeve. Rådmannen finn likevel å ville halde på framlegget som vart vedteke i kommunestyret for bustadområde KS1.

Motsegna for bustadområde KS2 står ved lag. Rådmannen vil difor tilrå at ein i denne omgang tar motsegna frå fylkesmannen til følgje og regulerer omtalt areal til landbruk slik kartutsnittet nedafor viser.



Figur 2 Kartutsnitt frå reguleringsplanen for Matre

Område K2 som vart tatt ut av planen

Område K2 vart trekt ut av planen (kvit farge) etter endringsframlegg i kommunestyret. Området ligg som bustadområde i gjeldande plan, men rådmannen tilrårde at område vart sett av til kontor i sitt framlegg til ny reguleringsplan. Dette var blant anna grunna i 132 kV-lina som går svært nær det eine huset.

Frå saksutgreiinga til kommunestyret er henta følgjande grunngjeving:

Rådmannen veit at det er eksisterande bustadhus tett på BKK sitt industriområde. Desse husa er plassert slik at dei ligg rett under eksisterande 132 kV linja eller innafor klausuleringsbeltet til høgspenlina.

Når ein likevel regulerer område til kontor og ikkje bustad er det ikkje fordi ein ikkje kjenner desse husa og eigedomen sin historie, men fordi kommunen er nøydd til å følgje lovar/forskrifter og vegleiarar¹ i reguleringsplanarbeida. Ei regulering for område til kontor vil ikkje seie at det er ulovleg å bu der.

I boka plan- og bygningsrett side 458 står det:

Den som får sin eigendom regulert, plikter ikke å realisere reguleringa ved å ta eiendom i bruk i samsvar med reguleringsformålet. [...] Eksisterende bruk har såleis prioritet foran ny plan og kan forsette uavhengig av om bruken er i strid med planen.”

I følgje DSB er det loveleg å regulere område til bustad sidan avstanden til høgspentlina akkurat tilfredstiller minimumskravet som var gjeldande då lina vart bygd.

Det er knytt nokre spørsmål til helsefaren ved det å bu nært ei høgspentline. Det har vore diskusjon i media ved fleire høve om det er samanheng mellom kraftfeltet skapt av ei høgspentline eller –mast og utvikling av kreft for personar som har varig opphald over lengre tid innafor eller nær kraftfeltet. Rådmannen finn ikkje noko i litteraturen som fører bevis for at det å bu nær høgspentline aukar risikoen for alvorleg sjukdom, men kan likevel tenke eit senario om framtida der det vert lagt fram slike bevis. I dag hadde det vore heilt uaktuelt å regulere område til bustad pga blant anna usikkerheit rundt helsefaren.

Rådmannen er uroa over dette og den moglegheiten for at å regulere området til bustad no kan føre til erstatningskrav mot kommunen pga eventuell sjukdom seinare.

Å regulere til arealet til kontor, stemmer meir med tanken om å la E39 skilje mellom kor folk bur og kor ein arbeider. Samstundes vil ikkje kontorformål vere til hinder for at det kan bu folk i eksisterande hus.

Rådmannen meiner framleis at det er prinsipielt rett å regulere arealet til kontor. På bakgrunn av grunneigarinnspel og historia til bruka, ønskjer rådmannen at det vert lagt vekt på det politisk skjønnet i dette tilfellet. Rådmannen legg difor fram to alternative framlegg til vedtak.

KONKLUSJON

Etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at kommunestyret tar gjenstående motsegn frå landbruksdirektøren til følgje og KS2 vert trekt ut av planen. Kommunen har stort behov for ein gjeldande reguleringsplan på Matre då det er behov for detaljregulering av næringsområdet i Sandgrupa, E39 og innregulering av nytt vassverk.

For bustadområde på Store Matre vert KS1 oppretthalde som det vart vedteke i kommunestyret 26.05.2008 mens KS2 vert trekt ut av planen. Dette arealet vert regulert til landbruk.


KS3 skiftar ”namn” til KS2 og både kart og føresegner vert oppdatert før kunngjering av vedtaket.

For det uregulerte arealet vert det lagt fram 2 alternative framlegg til vedtak:


¹ <http://www.dsb.no/File.asp?File=Publikasjoner/veilforskriftelektriskeforsyanlegg.pdf> side 51

Alternativ 1:

Det uregulerte arealet frå vedtaket i kommunestyret 26.05.2008 vert regulert til kontor og får "namnet" K2. BYA vert sett til 50 %.

Alternativ 2:

Det uregulerte arealet frå vedtaket i kommunestyret 26.05.2008 vert regulert til bustad og får "namnet" FS15. BYA vert sett til 20%.



MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	03.02.2009	006/09	Kjersti Furnes Soltvedt
Kommunestyret	03.02.2009	007/09	Kjersti Furnes Soltvedt

Arkiv: N-504	Arkivsaknr.: 08/901
--------------	---------------------

SAK 07/09 - REGULERINGSENDRING HOSTELAND AUST

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med pbl § 28-1 vert reguleringsplan for Hosteland aust med føresegner godkjent slik han ligg føre med følgjande atterhald:

- Skulle høyringsinstansane kome med innspel som vil virke inn på utforminga av reguleringsplankartet og føresegnene får rådmannen fullmakt til å handsame innspela administrativt.
- Ved eventuell motsegn mot reguleringsplanen skal saka handsamast politisk.

Finansiering

Gebyrregulativet

Heimel

Plan og bygningslova

Utskrift til:

Høyringsinstansane

FUP-006/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I samsvar med pbl § 28-1 vert reguleringsplan for Hosteland aust med føresegner godkjent slik han ligg føre med følgjande atterhald:

- Skulle høyringsinstansane kome med innspel som vil virke inn på utforminga av reguleringsplankartet og føresegnene får rådmannen fullmakt til å handsame innspela administrativt.
- Ved eventuell motsegn mot reguleringsplanen skal saka handsamast politisk.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 03.02.2009:

Ordføraren orienterte og saka vart drøfta.

Willy Borge, Frp, stilte spørsmål om det var kapasitet i kloakkanlegget til å ta unna frå dei planlagde nye bustadane. Rådmannen sa at det skal administrasjonen undersøkje.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-007/09 VEDTAK:

I samsvar med pbl § 28-1 vert reguleringsplan for Hosteland aust med føresegner godkjent slik han ligg føre med følgjande atterhald:

- Skulle høyringsinstansane kome med innspel som vil virke inn på utforminga av reguleringsplankartet og føresegnene får rådmannen fullmakt til å handsame innspela administrativt.
- Ved eventuell motsegn mot reguleringsplanen skal saka handsamast politisk.

Det skjedde i Kommunestyret den 03.02.2009:

Ordførar tok no plass i møtet att.

Røysting:

Tilrådinga frå Fast utval for plansaker vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	U	02.01.2009	Naboar i fylgje liste; Miljøvernadv Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune	Reguleringsendring Hosteland Aust - Offentleg ettersyn

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Bakgrunn for saka er at kommunen skal bygge nye omsorgsbustader og utleigebustader innafor reguleringsområdet for Hosteland aust. Ein såg då at det var trong for ein reguleringsendring i og rundt byggeområdet for å få ei betre utnytting av området knytt til eksisterande tilbod.

Saka vart handsama i Fast utval for plansaker 03.12.2008 og lagt ut til offentleg høyring.

HØYRING

Saka vart sendt på høyring 02.01.2009 til fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og naboar til eigedomen for reguleringsendringa. Fristen for uttale vart satt til 04.02.2009.

UTTALE

Det har så langt ikkje kome innspel til saka.

FAKTA

Reguleringsendringa gjeld følgjande:

- område til omsorgsbustader blir flytta til noverande område for leik og deler av bustadtomt nr. 13
- Utleigebustader med 5 bueiningar blir lagt på område der omsorgsbustader var plassert
- Nytt leikeareal blir plassert på tidlegare område for bustad på tomt nr. 12 og delar av tomt nr. 13

VURDERING

Nytt område for omsorgsbustader ligg nærare Masfjorden sjukeheim. Det blir lagt opp til at bebuarane skal nytte dagtenester ved institusjonen og same personalet skal brukast på både Masfjorden sjukeheim og i dei nye omsorgsbustadane. Dette vil effektivisere drifta.

Ved endring blir bustadtomt nr 12 og 13 tatt ut av planen. Behovet for bustader blir ivaretatt ved utleigebustadane. Det vert tatt inn i reguleringsføresegnene at utleigeeiningane skal tilpassast arkitektonisk til eksisterande bygg i bustadområdet.

Området som var sett av til leik i gjeldande reguleringsplan er ikkje tatt i bruk og heller ikkje vurdert som attraktivt leikeområde ettersom det ikkje er vegetasjon her. Det nye området framstår som meir spennande og eigna leikeareal. Her er det ei blanding av vegetasjon, flate og bakkar.

Rådmannen vurderer den nye planløysinga samla sett som eit betre alternativ.

Rådmannen er klar over at høyringsfristen ikkje er ute, men meiner likevel ein kan gjere eit vedtak no med atterhald om moglege innspel frå høyringsinstansane som vil påverke kart eller føresegner.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at reguleringsplan for Hosteland aust vert godkjent slik han ligg føre med atterhald om at høyringsinstansane kan ha innspel som vil påverke utforminga av reguleringsplankartet eller føresegnene.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 03.02.2009 vert vitna:

Håkon Matre
Ordførar

Dina Dyrhovden
kommunestyremedlem

Leila T. Andvik
kommunestyremedlem